



STIM

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Att.Christian Hagerup Reinshol

Førebels uttale - Dispensasjon - Masfjorden - lokalitet Vikane - endra plassering av forflåte

Vi viser til brev frå Stim sendt 29.08.23. Saka gjeld søknad om dispensasjon for etablering av fôrflåte for akvakulturanlegg i Austfjorden i Masfjorden kommune. Saken er ikkje sendt til kommunen enda.

Vanleg saksgang er at de sender søknad om dispensasjon til kommunen, så vil kommunen sende saka på høyring til oss med ein fire vekers frist. Vi ønsker primært at kommunen som planstyresmakt skal sjå på saka fyrst.

Vi forstår det slik at ny plassering av fôrflåte vil vere i samsvar med areal sett av til akvakultur i interkommunal plan (IKP) for sjøareala i Nordhordland. Planen er ikkje vedtatt endå, men Statsforvaltaren har ikkje motsegn til dette arealet. Bruken av arealet blir også styrt av fleire føresegnar i IKP for sjø. Vi kan ikkje sjå at de i søknaden om dispensasjon har gjort greie for korleis, eller om, de vil følgje opp desse føresegnene. Statsforvaltaren er særleg opptatt av om føresegn 3.1.9 c) c. 1. (i versjon til 3. gongs off. ettersyn) vert følgt opp, men det er også føresegn som gjeld fortøyingar i IKP bl.a.

Statsforvaltaren meiner at det er naudsynt å opplyse søknaden betre på korleis tiltakshavar vil følgje opp dei relevante føresegnene i IKP, før de sender søknaden til kommunen. Det er også eit spørsmål om de ikkje heller bør vente til IKP er vedtatt. Vi forstår at det er nært føreståande.

Statsforvaltaren vil presisere at sjølv om de har sendt oss saka på høyring no, må vi også få ho til uttale frå kommunen på vanleg måte.

Med helsing

Svein Kornerud
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Masfjorden kommune
Vestland fylkeskommune

Austfjordvegen 2724
Postboks 7900

5981
5020

MASFJORDNES
BERGEN